

Bernhard Olsen AS
Postboks 608
8607 MO I RANA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6832 - 21/9710

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.02.2021

Avvist søknad om fritidsbustad - gbnr 414/164 Soltveit

Administrativt vedtak. **Saknr: 206/21**
Tiltakshavar: Egil Leganger
Ansvarleg søker: Bernhard Olsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om løyve til etablering av fritidsbustad på eigedom gbnr 414/164 avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

De er velkommen til å søkje på nytt ved seinar høve. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 11.03.2020, dialog i saka og førebelse skriv datert 22.04.20, 27.08.20 og 28.12.2020.

Saka gjeld søknad om etablering av fritidsbustad.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Fesøy/planid 1260198500400 område J.

Utsnitt frå § 3 i føresenga til planen

b. NORD

I byggeområda kan berre førast opp hytter, tilSAMAN 37 stk.
I tillegg naustloft i felt J og L felles hytte i felt K.
HytteN kan berre førast opp i ei høgd med ei maks. grunn-
flate på 80 m², eller ei grunnflate på 70 m² + gjeste-
hytte på maks. 10 m².
I tillegg kan førast opp reidskapshus/uthus på maks. 10 m².
HytteN i felt J og felt L kan førast opp i inntil
1 1/2 høgd, med maks. golvflate på 80 m².

**Før utbygginga vert sett i gang skal det utarbeidast detalj-
plan i M-1: 1000 for kvart einskild byggeområde, som skal
godkjennast av bygningsrådet.**

c. FELLES SØR/NORD

Alle hytteplasseringane, inkludert felles hytte og felles
naust skal koordinatbestemmast og skal plasserast slik
at koordinatpunktet fell innanfor grunnmuren. Når det
gjeld hyttene i nord skal desse koordinatbestemmast etter
at detaljplan er godkjent.

5. TEKNISKE FØRESETNADER

- a. **Tilkomst** til hyttene vil skje med båt frå Radøy/Austrheim
eller Lindås.
Ein føresetnad for vidare utbygging i sør er at kvar hytte
kan dokumentera at dei har godkjent bil- og båtplass på
Radøy, Austrheim eller Lindås.
For Fesøy nord vert det kravd feltvis godkjenning av
bil- og båtplass.
- b. **Vassforsyning** må skje frå private brønnar eller takvatn.
Ved innleiring må det søkjast om utsleppsløyve for
spillvatn.
- c. **Spillvatn** frå hyttene skal gå til slamavskillar + sand-
filterkum.
Ved utslepp til sjø på djupt vatr kan sandfilterkum sløyfast.
Alle anlegg skal godkjennast av bygningsrådet.
- d. **Privet** i hyttene skal vera tørrklosett basert på biologisk
nedbryting.
- e. **Renovasjon.** Alle hyttene pliktar å taka del i den offentlege
renovasjon i Radøy.
Leveringstaden vert Valdersvåg (eller eventuelt seinare
tilvist stad) til kommunale kontainere.

6. ANDRE FØRESETNADER

- a. Nerare utgreiingar, skildringar, tekniske gjennomførings-
planar, detaljplanar m.m. må utarbeidast av den einskilde
grunneigar eventuelt av planlag/hyttelag.
- b. **Planting.** I planen er det med ein del areal til landbruk
I denne er det reservert areal til planting av skog i to
korridora samanhengande sør-nord.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav j)

Det er ikkje lagt fram oppdatert kjøpskontrakt for båtplass på Fesøy for eigedom gbnr. 141/164.

2. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav o)

Det er ikkje søkt om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bernhard Olsen AS	Postboks 608	8607	MO I RANA
Egil Leganger	Eldshovden 2 B	5252	SØREIDGREND
Egil Leganger	Eldshovden 2 B	5252	SØREIDGREND

Mottakarar:

Bernhard Olsen AS	Postboks 608	8607	MO I RANA
-------------------	--------------	------	-----------